



## NATURVERNFORBUNDET I TELEMARK

Vetle Mules vei 16, 3944 PORSGRUNN

e-post: telemark@naturvern.no

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE

### **Planendringssøknad – Klovfoss kraftverk, Nissedal kommune.**

Naturvernforbundet i Telemark (NVT) har mottekje planendringssøknad vedrørande Klovfoss kraftverk, og har desse kommentarane.

#### **Landskap og landskapsrom:**

Søkarane (les: Skagerak og grunneigarar) skriv at inngrepa i naturen vert langt mindre ved gjennomføring av den nye endra planen, også når det gjeld synleghet i landskapsrom, jamfør den opprinnlege søknaden. Då har vi i alle fall kome så langt at utbyggjar erkjenner at det ville medføre store inngrep ved ei gjennomføring av den opprinnlege planen. Det var ikkje det dei skrev i den opprinnlege søknaden, også då var inngrepa minimale. NVT vil påpeike denne «glidande» måten å argumentere på, og ber NVE notere seg den. NVE er sikkert ikkje ukjent med dette frå andre saker. Konkrete fakta, slik som naturinngrep, landskapsrom – kva som er synleg i eit gjett landskapsrom osv., er konkret og ikkje diskutabelt. Så er det slik at nokre meiner vi må tåle desse inngrepa, det er NVT klar over, men NVT er uenig i det.

Så la oss argumentere etterrettleg, og i forhold til fakta.

NVE er pålagt å vurdere denne, og andre, utbyggjingar i eit heilhetleg perspektiv. I den samanheng spelar natur, landskapsrom, biologisk mangfold m.m., ei viktig rolle. NVT er sikker på at NVE gjer nettopp det.

Søkarane ser ut til å meine at Klovfoss/Håtveitåa omtrent ikkje er synleg. Dei skriv at Klovfoss ikkje er synleg frå vestsida av Nisser. Det er med respekt å melde feil. Det vert ikkje mykje GWH av å byggje ut ei elv som ikkje er synleg. Dei skriv også at synlegheten til Klovfoss i Nissers landskapsrom er diskutabel. Det er også feil, fakta viser at NVT har rett i sin tidlegare argumentasjon om synlegheten, så kan søker like det eller ikkje.

Det held å sjå på kartet, men for dei som ikkje ser det då, tilbyr NVT ein tur rundt i det landsapsrommet som NVT har forsøkt å beskrive i høyringssinnspela. NVT vil vise fakta.

Korleis skal ein ellers argumentere mot bevisleg feilaktig argumentasjon frå søker?

Det er trist at søker, i sin iver for å få til utbyggjing, skriv det dei skriv i endringssøknaden.

Vidare skriv søker at det er kun Nesåa og Sagåa som er godt synleg i Nisser sitt landskapsrom. NVT forstår godt at sett frå Nisser Camping, som vi forstår er avsendar av grunneigarane sin e-post sitt geografiske utgangspunkt, så er desse fossane godt synlege – og viktige. Så er det godt at desse fossane ser ut til fortsatt å skulle renne fritt.

Likefullt så er Klovfoss meir synleg i det landskapsromet NVT har vist til. Som t.d. frå Kyrkjebygda, dvs. Fylkesveg 513 m/Kyrkjebygdvegen, Grimstveitvegen og Nesheivegen. Vegar som gjeng til hytteområde med ca.600 – 650 utbygde hytter, samt fastbuande m.fl.

I tillegg kjem synlegheten frå Riksveg 41, og dei som ferdast på Nisser.

NVT vil også kommentere dette med revegtering. Skagerak skriv at det alternativet dei helst vil velge er det med lengst rørgate, ikkje det med boring gjennom fjell. Grunneigarane skriv som om det er alternativet med fjellboring som er det som er mest aktuelt. NVT finn denne sprikande argumentasjonen vanskeleg å forholde seg til.

Uansett så kan det neppe stemme, at det kjem til å revegetere på ein slik måte, at rørgata ikkje vert synleg. Vegetasjonen det er tale om er vel lyng og gras, ikkje tre av ein viss storleik. Så rørgata vert synleg i framtida, det er bare - igjen, å ta ein tur til tidlegare utbygde vassdrag i regionen. Slik kan ein få fakta fram. NVT kan foresla langs Vråvatn eller til Fyresdal, eller vi kan ta ein tur til Grytåa på Fjone. Dette er eit av Skagerak sine tidlegare prosjekt.

NVT vil også minne om samla belastning av utbyggjing i dette området – Nisser, Vråvatn, Fyresvatn. Grensa er nådd for lengst, elver som fortsatt renn fritt, må forblia urørt. Slik kan ein sikre fortsatt vassdrag med inntakt øko-system i dette området.

I tillegg kjem alt som NVT har skrive om landskap og landskapsrom. Nissedal kommune har **eit satsingsområde, det er turisme**. I den samanheng er det på sin plass å minne om viktigheten av urørt natur – vassdrag som renn fritt. Det ser ut som ein del grunneigarar/søkar – og kommunen har gløymt dette.

Nasjonale retningslinjer/prinsipp i div. utbyggjing, er å ikkje ha så sterkt utbyggjing, at ein øydelegg dei opprinnlege naturverdiane i området. Dette er relevant å minne om i Nissedal.

#### Konklusjon:

**NVT meiner at planendringa ikkje endrar naturingrepa i vesentleg grad, dei flyttar bare nokre av inngrepa, samla vert inngrepa fortsatt store. Ulempene av utbyggjina vert langt større enn nytten.**

**NVT gjeng difor fortsatt mot at Skagerak skal få konsesjon for utbyggjing av Klovfoss kraftwerk i Nissedal kommune. NVT ber NVE oppretthalde sitt tidlegare avslag.**

Helsing

*Torfinn Sanden*

Torfinn Sanden, Naturvernforbundet i Telemark – styremedlem

Nissedal, 17.04.17

Kopi: Fylkesmannen og Nissedal kommune.